

Vilde Lovise Støfring Rørvik
Astrid Reppen Solnes

Samanhengen mellom klimarisiko og vêrrelaterte forsikringskader på norske bustader

Masteroppgåve i Økonomi og administrasjon

Veileder: Denis M. Becker

Juni 2020

Vilde Lovise Støfring Rørvik
Astrid Reppen Solnes

Samanhengen mellom klimarisiko og vêrrelaterte forsikringsskader på norske bustader

Masteroppgåve i Økonomi og administrasjon
Veileder: Denis M. Becker
Juni 2020

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Fakultet for økonomi
NTNU Handelshøyskolen

Forord

Denne masteroppgåva er skriven som ei avsluttande oppgåve i samband med studiet økonomi og administrasjon ved NTNU Handelshøgskulen, med ei fordjuping innan finansiering og investering. Oppgåva utgjer 30 av 120 studiepoeng på masterstudiet.

I vår avhandling har vi valt å sjå på klimarisiko sin påverknad på vêrrelaterte forsikringskader på norske bustader. Det å skriva ei oppgåve om eit så aktuelt tema har vore lærerikt og spennande, og vi sit igjen med mange gode erfaringar.

Vi vil spesielt takke vår rettleiar førsteamanuensis Denis M. Becker for eit godt samarbeid. Dei faglege innspel, konstruktive kritikk og gode råd har vore til stor hjelp under oppgåveskrivinga. Vi ønskjer også å rette ei stor takk til professor Florentina Paraschiv, for gode innspel og rettleiing i den innleiande fasen, og Finans Norge og Norges Vassdrags- og energidirektorat. Finans Norge bidrog med datasett over vêrrelaterte forsikringskader i Norge og Norges Vassdrags- og energidirektorat bidrog med datasett over historiske meteorologiske og hydrologiske data.

Til slutt vil vi takke alle rundt oss som har bidrege med innspel, og kvarandre for eit godt samarbeid.

Innhaldet i denne oppgåva står for forfattarane si rekning.

Trondheim, juni 2020.

Vilde Lovise Støfring Rørvik

Astrid Reppen Solnes

Samandrag

Formålet med denne studien er å sjå på korleis klimarisiko påverkar vêrrelaterte forsikringsskader på norske bustader. I tillegg ser vi på om det kan vere aktuelt med ein prisdifferensiering på forsikringspremie i høve til ulik risiko. Klimaendringar blir i større og større grad sett på som ein betydeleg risikofaktor som kan ha økonomiske konsekvensar for næringsliv og investeringar. For å svare på problemstillinga har vi først sett på den fylkesvise historiske utviklinga i tal forsikringsskader, erstatningsutbetalingar og meteorologiske og hydrologiske variablar frå 1980 til 2019, ved bruk av data frå Finans Norge, Meteorologisk Institutt og Norges vassdrags- og energidirektorat. Deretter analyserer vi samanhengen mellom tal forsikringsskader og vêrvariablar ved hjelp av OLS-regresjon, Poisson-regresjon og Zero-Inflated Poisson-regresjon for å vurdere om klimaendringar påverkar estimerte tal forsikringsskader.

Den historiske utviklinga i tal forsikringsskader synte store forskjellar i både det totale skadetalet per fylke, og fordelinga av desse skadane gjennom perioden. Til tross for dette hadde alle fylke aukande trend av historiske skadetal. Historisk utvikling i erstatningsbeløp blir framstilt ved nominelle og indeksjusterte verdiar. Fordelinga av utbetalingane i perioden for fylka er lik som ved tal skader, men forskjellen mellom dei totale utbetalingane per fylke er mindre enn det skadetala skulle tilseie. På bakgrunn av dette konkluderer vi med at ein fylkesvis prisdifferensiering på forsikringspremie ikkje kan grunngjevast godt nok. Den historiske utviklinga i meteorologiske og hydrologiske variablar synte aukande trend for vind-, temperatur- og nedbørsvariablar og minkande trend for snøens vannekvivalent. Endringa tilseier aukande klimarisiko i perioden.

I dei kvantitative analysane vert det, i tillegg til daglege vêrdata, definert ekstremvêr i datasettet for å sjå korleis tal forsikringsskader avheng om det er ekstremvêr eller ikkje. Alle regresjonsmodellane syner at vêrvariablane har signifikant effekt på tal forsikringsskader og at tal forsikringsskader er høgare når det er ekstremvêr enn når det ikkje er det. Etertesting og modellvurdering syner at Zero-Inflated Poisson-regresjon er den beste modellen, sidan denne er betre tilpassa telle-data med mange observasjonar lik null. Våre funn syner at variablane med positiv effekt på tal forsikringsskader i regresjonsmodellen er variablar med aukande trend historisk. Prognosisering av framtidige gjennomsnittlege vêrrelaterte tal på forsikringsskader synte at vi i framtida kan forvente ei auke i skadetal. Effekten syner at aukande klimarisiko aukar tal vêrrelaterte forsikringsskader.

Abstract

The purpose of this study is to examine how climate risk affects weather-related insurance claims on Norwegian housing. In addition, we examine whether a price differentiation in insurance premiums may be appropriate. Climate change is increasingly seen as a significant risk factor that can have financial consequences for businesses and investments. Firstly, this paper investigates the countywide historical trends in insurance claims, compensation payments, and meteorological and hydrological variables from 1980 to 2019 utilising available data from Finance Norway, Norwegian Meteorological Institute and the Norwegian Water Resources and Energy Directorate. Secondly, we analyse the relationship between insurance claims and weather variables using OLS regression, Poisson regression and Zero-Inflated Poisson regression, to assess if climate changes affect injury rates.

The historical development in weather related insurance claims shows major differences in both the total number of claims per county and the distribution of these claims during the period. Despite this, all counties had an increasing trend of historical injury rates. Historical developments in the compensation payments are presented at nominal and index-adjusted values. The distribution of compensation payments are similar to the distribution of injuries, but the difference between total compensation payments per county is less than the insurance claim-distribution would indicate. Due to these findings, we conclude that a countywide price differentiation is not justifiable. The historical developments in meteorological and hydrological variables indicate an increasing trend for the wind, temperature and precipitation variables and a decreasing trend in snow's water equivalent. These changes indicate increasing climate risk during the period.

In addition to daily weather data, extreme weather is identified in the quantitative analysis to examine how the amount of insurance claims depend on the presence versus absence of extreme weather. The regression models show that weather variables have significant effect on the number of insurance claims, and that the number of insurance claims are higher when the weather is extreme. Post-testing and model assessment show that Zero-Inflated Poisson regression is the best model, since it is more appropriate when using count-data with excess zeros. Our findings show that the variables with significant positive effect on insurance claims in the regression models are the same as those with an increasing trend historically. Forecasting of future weather-related insurance claims shows that we can expect an increase in claims in the future. This shows that climate risk increases the number of insurance claims.

Innholdsliste

Forord.....	i
Samandrag.....	ii
Abstract	iii
1. Introduksjon	1
1.1 Bakgrunn for oppgåva	1
1.2 Problemstilling og avgrensing	2
2. Litteraturgjennomgang	4
2.1 Klima som risikofaktor.....	4
2.2 Tidlegare forskning	5
3. Datagrunnlag.....	8
3.1 Forsikringsdata.....	8
3.2 meteorologiske og hydrologiske data	10
4. Historisk utvikling og deskriptiv analyse.....	15
4.1 Historisk utvikling i tal skader.....	15
4.2 Historisk utvikling i erstatningsbeløp	18
4.3 Historisk utvikling av meteorologisk og hydrologisk data	23
5. Kvantitative analyser	28
5.1 Definerings av ekstremvêr.....	28
5.2 Val av variablar	29
5.3 Samanheng mellom vêrvariablar og tal skader ved bruk av OLS.....	31
5.4 Samanheng mellom vêrvariablar og tal skader ved bruk av Poisson-regresjon	34
5.4.1 Introduksjon av modell.....	34
5.4.2 Tilpassingar	36
5.4.3 Empiriske funn.....	36
5.5 Samanheng mellom vêrvariablar og tal skader ved bruk av Zero-inflated Poisson-regresjon...	39
5.5.1 Introduksjon av modell.....	39
5.5.2 Tilpassingar	40
5.5.3 Empiriske funn.....	41
5.6 Modellvurdering.....	42
6. Diskusjon.....	44
6.1 Historisk utvikling og regresjonsmodellane.....	44
6.2 Prisdifferensiering	45
6.3 Framtidige skadetal.....	46
6.4 Konklusjon	49

6.5 Andre moglege forklaringsvariablar	50
6.6 Vidare forskning	51
Kjeldeliste	52
Vedlegg	55
Vedlegg 1: Kommandokode på Spyder for å hente ut data frå Frost API.....	55
Vedlegg 2: Stasjonsoversikt for dei ulike variablane	56
Vedlegg 3: Historisk utvikling i tal skader	57
Vedlegg 4: Datagrunnlag Figur 1 og 2, tabell 6 og vedlegg 3.	59
Vedlegg 5: Historisk utvikling i nominelle og indeksjusterte erstatningsutbetalingar	70
Vedlegg 6: Datagrunnlag Figur 3 og 4, tabell 7 og vedlegg 5	74
Vedlegg 7: Datagrunnlag Figur 5 og 6.....	85
Vedlegg 8: 95%-persentil til vêrvariablane	89
Vedlegg 9: Modellar og testar til OLS-regresjon	90
Vedlegg 10: Modellar og testar til Poisson-regresjon.....	92
Vedlegg 11: Modellar og testar til Zero-inflated Poisson-regresjon.....	93
Vedlegg 12: Datagrunnlag for figur 7.....	94
Vedlegg 13: Trendfunksjonar	95
Vedlegg 14: Datagrunnlag årsgjennomsnitt vêrvariablar i regresjon	96

Tabelloversikt

Tabell 1: Bransjar inkludert i det originale datasettet tilsendt frå Finans Norge.....	8
Tabell 2: skadetypar inkludert i datasettet tilsendt frå Finans Norge	9
Tabell 3: Indeks over «kva ville ein tilsvarende hending koste i no-kroner?» frå 1980 til 2019.....	10
Tabell 4: Oversikt over månadlege vêrvariablar (Meteorologisk Institutt, 2020a).....	12
Tabell 5: oversikt over variablar på døgnverdi (Meteorologisk Institutt, 2020c)	13
Tabell 6: fylkesvis oversikt over totale stal skader og standardavviket i perioden 1980 til 2019	17
Tabell 7: fylkesvis oversikt over totale erstatningsbeløp og standardavvik i perioden 1980 til 2019.	22
Tabell 8: resultatet frå robust regresjonsmodell for dei ln-transformerte variablane.....	32
Tabell 9: Samandrag over tal skader	33
Tabell 10: resultatet frå Poisson-regresjonen.....	36
Tabell 11: fordeling av tal skader.....	38
Tabell 12: goodness of fit-test for Poisson-regresjonen.....	38
Tabell 13: resultat frå Zero-Inflated Poisson-regresjon	41
Tabell 14: kriterium for val av modell ved bruk av AIC.....	42
Tabell 15: Resultat frå fitstat på STATA	43

Figuroversikt

Figur 1: Historisk utvikling i tal skader frå 1980 til 2019 for Vestland og Møre og Romsdal.....	15
Figur 2: Historisk utvikling i tal skader frå 1980 til 2019 for Oslo	16
Figur 3: Historisk utvikling i nominelle og indeksjusterte erstatningsutbetalingar frå 1980 til 2019 for dei to fylka med høgaste sum indeksjusterte utbetalingar; Vestland og Innlandet.....	19
Figur 4: Historisk utvikling i nominelle og indeksjusterte erstatningsutbetalingar frå 1980 til 2019 for Oslo fylke.....	21
Figur 5: Historisk utvikling for middeltemperatur, temperaturavvik frå normalen, middelvind og høgaste vindkast i perioden 1980 til 2019.	25
Figur 6: Historisk utvikling for nedbør, nedbørdøgn og snøsmelting og snøens vannekvivalent i perioden 1980 til 2019.....	26
Figur 7: Historisk utvikling i ekstremvêrdagar frå 1980 til 2019 i Vestland fylke.....	47

1. Introduksjon

1.1 Bakgrunn for oppgåva

Finansmarknader og finansføretak påverkast av endringar i klima og omstillingane som kjem som eit resultat av dette. Klimaendringar blir i større grad sett på som ein betydeleg risikofaktor som kan ha store økonomiske konsekvensar for både næringsliv og investeringar. Å kunne vurdere og prise denne risikoen er blitt viktigare dei seinaste åra, og stadig fleire integrerer klimarisiko i risikostyringssystema.

Årlege tal frå Finans Norge viser ein trend med aukande utbetalingar som følgje av flaum for både private forsikringsselskap og Statens Naturskadeordning (Alnes, Berg, Clapp, Lannoo & Pillay, 2018). I følgje Anders Bjartnes (Norsk Klimastiftelse, 2017) må forsikringsbransjen over heile verda sjå på ekstreme vêrhendingar med nye auge. Kostnadane ved forsikring vil måtte auke når risikoen for flaum eller ekstreme nedbørsmengder aukar. Enkelte område kan bli så utsett at eigedom kan bli vanskeleg å forsikre, som igjen kan påverke eigedomsprisane. Ein slik differensiering av pris i høve til ulik risiko er vanleg i ei rekke andre land. Den tyske forsikringsbransjen opererer eksempelvis med fire nivå for risiko for skader knytt til ekstremnedbør og flaum (Norsk Klimastiftelse, 2017). Christian Riis ved Handelshøyskolen BI, som og er tilknytt Klima2050, meiner at satsen på forsikring mot naturskade i Norge kan kome til å endre seg. I dag er prisen på denne type forsikring ein flat sats (Norsk Klimastiftelse, 2017).

I spørsmål om fysisk klimarisiko er forsikring ein nøkkelbransje – eit fungerande forsikringsmarknad er ein av føresetnadane for å handtere konsekvensane av forventa klimaendringar (Norsk Klimastiftelse, 2017). Norsk Klimastiftelse (2017) utførte ein spørjeundersøking på eit panel beståande av 101 norske avgjersletakarar og ekspertar. Panelet består av leiarar, rådgjevarar og forskarar frå næringsliv, organisasjonar og forskingsinstitusjonar. 40% av paneldeltakarane er toppleiarar. På spørsmål om påverknaden av klimaendringar på forsikrings- og finansnæringa fram mot 2030 svarte 64% at dei forventa ein litt eller svært negativ effekt. Ein deltakar utdjupar at meir ekstremvêr vil auke forsikringsutbetalingar, som i seg sjølv er negativt for forsikringsbransjen. Men auken i ekstremvêr skapar også eit større forsikringsbehov, som kan vere positivt for bransjen. Christian Riis meiner at forsikringsselskap vil få auka utfordringar med å vurdere klimarelatert risiko sidan det ikkje finnast noko lang forhistorie. Det er vanskeleg å føresjå, berekne risiko,

sette premiar og vurdere korleis selskap skal sikre seg når det gjeld reassuranse (Norsk Klimastiftelse, 2017).

Jason Thistlethwaite og Michael O. Wood (2018) evaluerer om amerikanske forsikringsselskap “omskalerar” praksisen sin knytt til risikostyring for å imøtekomme usikkerheita knytt til klimaendringar. Dei analyserte svara til rundt 180 firma sine svar på *U.S National Association of Insurance Commissioners Climate Risk Disclosure Survey* for å finne bevis på omskalering gjennom *Climate Change Risk Management (CCRM)*. Resultatet viser at fleirtalet av selskapa ikkje integrerer klimaendringar i deira risikostyringspraksis, men reassurandørar omskalerer praksisen sin i større grad enn primærforsikringsselskap.

Forsking gjort i Norge har undersøkt effekten av klimaendringar på nedbørsrelatert forsikringsrisiko. Funna indikerer ei auke i framtidig vêrrelatert forsikringsrisiko mange stader – særleg kystområda er utsett (Scheel & Hinnerichsen, 2012).

1. 2 Problemstilling og avgrensing

Formålet med denne analysen er å kartlegge korleis klimarisiko påverkar tal skader og erstatningsutbetalingar på norske bustader. Vi brukar forsikringstal og meteorologiske- og hydrologiske data over ein 39-års periode frå 1980 til 2019. Data er sortert på land- og fylkesnivå. Fylkessamanslåingane som vart gjeldande i 2020 er grunnlaget for datainndelinga, og er dermed er fordelt på 11 fylke: Vestland, Viken, Møre og Romsdal Agder, Innlandet, Nordland, Oslo, Rogaland, Vestfold og Telemark, Trøndelag og Troms og Finnmark. På bakgrunn av dette er problemstillinga i denne oppgåva å sjå på korleis klimarisiko påverkar vêrrelaterte forsikringsskader på norske bustader.

For å svare på problemstillinga har vi valt å sjå nærmare på følgande

1. Den historiske utviklinga i tal forsikringsskader og erstatningsutbetalingar på fylkesnivå, samt utviklinga av meteorologiske og hydrologiske vêrvariablar. Dette for å undersøke om det er ei aukande trend i forsikringsskader og utbetalingar, og for å vurdere om det på bakgrunn av dette kan vere aktuelt med prisdifferensiering i forsikringspremie i Norge
2. Samanhengen mellom tal forsikringsskader på norske bustader og vêrmønster ved bruk av regresjonsmodellar. Dette blir gjort ved å bruke daglege tal over forsikringsskader og meteorologiske og hydrologiske variablar for Vestland fylke.

Denne oppgåva er delt i 6 kapittel. Kapittel 2 inneheld gjennomgang av relevant litteratur og forskning. I kapittel 3 presenterer vi vår data og i kapittel 4 syner vi den historiske utviklinga til tal forsikringsskader, nominelle og indeksjusterte erstatningsbeløp og meteorologiske og hydrologiske variablar. Deretter presenterast val av metode og empiriske funn i kapittel 5. I kapittel 6 drøfter vi dei mest interessante funna for å kunne svare på vår problemstilling på best mogleg måte.

2. Litteraturgjennomgang

2.1 Klima som risikofaktor

Ein definisjon på klimarisiko er endringar knytt til fysiske klimaendringar som for eksempel ekstremvêr og havnivåstiging (Norsk Klimastiftelse, 2017, s. 7). Direktør for Bank of England, Mark Carney, deler klimarisiko inn i tre kategoriar; fysisk risiko, ansvarsrisiko og overgangsrisiko. Ansvarsrisiko omhandlar at klimaendringar kan gjeve grunnlag for søksmål mot avgjersletakarar i land og selskap som har ansvar for store klimagassutslepp. Manglande vilje eller evne til å føresjå økonomiske tap grunna strengare klimakrav og ny teknologi kan i tillegg føre til søksmål frå investorar. Overgangsrisiko inneber at strengare klimakrav og ny teknologi kan gjeve store endringar i etterspurnaden etter ei rekke produkt og tenester. Ein rekke selskap og fossile ressursar kan derfor risikere å tape verdi.

Denne oppgåva fokuserer hovudsakleg på fysisk klimarisiko. Med fysisk risiko meinast det klimaendringar som gjev stor skade på natur og infrastruktur som bygningar og vegar. Den fysiske klimarisikoen er knytt til usikkerheita kring dei økonomiske konsekvensane av høgare temperatur og eit meir ekstremt vêr. Sannsynet for utfall, meir alvorleg enn det Parisavtalen (2015) siktar mot, er ikkje ubetydeleg. Sjølv om førebyggjande tiltak kan avgrense skadeomfanget, vil dei økonomiske konsekvensane kunne bli store (Matsen, 2019). Michael Bloomberg (2016, som er sitert i Norsk Klimastiftelse 2017, s.16), som utforma ein rapport på oppdrag frå Financial Stability Board, skil mellom “akutt” og “kronisk” fysisk risiko. Den akutte risikoen er knytt til ekstreme vêrhendingar som for eksempel storm og flaum, som øydelegg bygningar og infrastruktur (Norsk Klimastiftelse, 2017). Den kroniske risikoen dreier seg om meir fundamentale endringar - høgare temperaturar kan for eksempel føre til stigande havnivå eller gjentatte hetebølger (Norsk Klimastiftelse, 2017).

I følgje rapport nr 1 frå Norsk Klimastiftelse (2017) er det ein samanheng mellom totalt utslepp av CO₂ og grad av skade som påførast. Det vil seie at gjennom klimaforskning kan ein berekne kor mykje som kan sleppast ut for å avgrense den globale oppvarminga til eit gitt nivå. Dette har gitt opphav til Karbonbudsjettet som set tal på kor mykje klimagassar som kan sleppast ut for at temperaturauken skal stoppe på for eksempel på 2 grader. Togradersmålet er, i tillegg til eit politisk mål, ei grense som i følgje klimavitskapen gjer at ein kan unngå klimaendringar med svært alvorlege konsekvensar for menneske og samfunn. I Parisavtalen (2015) blei det vedtatt at verda skal sikte mot oppvarming “godt under 2 grader”. Prephan Jittrapirom (2019) summerer opp Global Carbon Report 2019 og skriv at utslepp frå forbrenning av fossilt brensel

som kull, olje og naturgass, var meint å auke til 36,8 gigatonn CO₂ i 2019. Dette er ei auke på 0,6% frå 2018. Svikt i å takle dei drivande faktorane bak den aukande veksten i utslipp vil avgrense vår evne til å nå målet om 1.5-, eller “godt under 2” grader global oppvarming.

2.2 Tidlegare forskning

Sjølv om konsekvensane av klimaendringar på forsikringssektoren er eit aukande interessefelt, er tidlegare forskning som knytt vêrdata opp mot forsikringstal avgrensa. Noko av grunnen til dette kan vere at forsikringsselskap sjeldan publiserer internt arbeid, og at mykje av denne type forskning derfor ikkje er offentleg tilgjengeleg. I tillegg er det lite forsikringsdata tilgjengeleg generelt, grunna at forsikringsselskap er svært beskyttande ovanfor datagrunnlaget deira med tanke på konkurransedyktigheit. Tidlegare forskning frå Norge har brukt forsikringstal frå Gjensidige, medan vi har naturskadedata frå Norsk Naturskadepool via Finans Norge (Haug, Dimakos, Vårdal, Aldrin & Meze-Hausken, 2011; Scheel et al., 2011; Scheel & Hinnerichsen, 2012). Dette kjem vi nærmare inn på under kapittel 3.1.

Berz et al. (2001) var tidleg ute med å peike på behovet for ein betre forståing av klimaet sin påverknad på forsikringssektoren – både for ekstreme og vanlege vêrhendingar. Rapporten syner at globale økonomiske tap grunna katastrofe-hendingar har auka frå 4 milliardar amerikanske dollar på 1950-talet til 40 milliardar amerikanske dollar på 1990-talet. Den forsikra delen av desse tapa auka frå eit ubetydeleg nivå til 9,2 milliardar amerikanske dollar årleg i same periode, der industriland hadde ein betydeleg større forsikringsdel. Som eit mål på forsikringsbransjen sin sårbarheit blei forholdet mellom global premie for forsikring til eigedom og vêrrelaterte tap, ein viktig indikator på tilpassingsevne, redusert med to tredjedelar mellom 1985 og 1999. Demografiske og sosioøkonomiske trendar aukar samfunnet sin eksponering for vêrrelaterte skader. Den observerte aukande trenden av historiske katastrofar heng til dels saman med sosioøkonomiske faktorar som befolkningsvekst, auke i velstand og urbanisering, og til dels saman med klimafaktorar som observerte endringar i nedbør, flaum og tørke. Mills (2005), som også studerte påverknaden klima har på forsikringssektoren, seier at uventa endringar i arten, omfanget og geografisk plassering til naturskadar er blant dei viktigaste trugslane for forsikringssystemet. Historisk sett har samfunnet, og særleg forsikringsselskap, ikkje vore forberedte på tilsynelatande «ufattelege» katastrofar. Dette reflekterer den til dels gjentatte sosiale feiltolkinga av å bruke fortida til å predikere framtida medan ein undervurderer katastrofeberedskap. Han såg at rundt 90% av dei globale katastrofe-

tapa på forsikra eigedom var vêravhengige. Til samanlikning var rundt 75% av det totale tapet for eigedom vêravhengig.

Mills spesifiserte ein rekke tekniske og marknadsbaserte risikoar knytt til klimaendringar og forsikringsbransjen. Dei tekniske risikoane er blant anna kortare tid mellom skadehendingar, endring i absolutt og relativ variasjon når det gjeld skader og tap, endring i struktur av hendingstype, skadefunksjonar som aukar eksponentielt med vêrintensitet eller brå/ikkje-lineære endringar i skader og tap. Marknadsbasert risiko inkluderer forsikringspremiar basert på historikk som avhenger av faktiske tap. Ein unnlèt å sjå føre seg og følgje opp endringar i kundebehov, som følgje av klimaendringar og uventa endringar i kravsmønster, med tilhøyrande prissettingsvanskar for å oppretthalde lønnsenda.

Mills utførte i tillegg ein global gjennomgang av forsikringsbransjen sin respons på klimaendringar ved hjelp av ein dokumentanalyse og ein direkte undersøking av forsikringsselskap. Det blei identifisert 643 aktivitetar knytt til å: imøtekomme den «grøne utviklinga» av den globale økonomien, innsats for å betre katastrofe-motstandsdyktigheit og proaktiv åtferd mot klimaendringstrugselen. Dette blei observert frå 244 forsikringsselskap i 29 land, og representerer ein årleg auke på 50% (Mills, 2009).

Haug et al. (2011) studerer vasskadar på private bustader i Norge, og den moglege effekten framtidige klimaendringar har på storleiken og frekvensen av erstatningskrav. Studien nyttar forsikrings- og befolkningstal frå Gjensidige i perioden 1997 til 2006, samt vêrdata frå Meteorologiske Institutt frå same tidsperiode. Erstatningskrav og vêrdata har døgnbaserte verdiar, medan befolkningsveksten er målt månadleg. Det blir etablert erstatningskravsmoellar for samanheng mellom tap og relevante vêrvariablar ved bruk av Generalised Linear Models (GLM). Deretter blir modellane anvendt på nedskalerte klimaprediksjonsmoellar frå Hadley Centre, som gjev estimat for framtidig skadenivå under to forskjellige CO₂-utsleppsscenario. Resultatet syner ei auke i skadenivået under begge utsleppsscenario.

Scheel et al. (2011) nyttar dei same forsikringsdata som Haug et al. (2011): frå Gjensidige og i perioden 1997 til 2006. Dei utviklar ein Bayesiansk hierarkisk statistisk tilnærming for å forklare og føreseie forsikringstap grunna vêrhendingar på ein lokal geografisk skala. Tal vêrrelaterte forsikringskrav er modellert ved å kombinere GLM med spatialt utjamna variablar. Ved hjelp av Gibbs-sampling og Reversible-jump Markov chain Monte Carlo (MCMC) er modellen tilpassa daglege vêr- og forsikringsdata på kommunenivå for Midt-Norge og Sør-

Norge. Resultata syner interessante regionale mønster for påverknaden til ulike vêrvariablar. Av 7 vêrvariablar er det 4 som tilsynelatande har ingen eller liten effekt; temperatur, snøens vassekvivalent, forskjell i snømengd og gjennomsnittleg nedbør siste 3 dagar. Gjenverande vêrvariablar: dreneringsavrenning, nedbør føregåande dag og tidleg morgon og nedbør same dag, har større effekt. På Norges vestkyst er det nedbør åleine som inngår i modellen med størst sannsyn, medan i sør-austlege delar av Norge blir fleire vêrvariablar føreslegne. Modellen til Scheel et al. (2011) kan vere nyttig for prissetting på forsikring, kortsiktige predikasjonar basert på vêrmeldingar og langsiktige predikasjonar basert på nedskalerte klimamodellar. Sistnemnte gjer dei seinare ved at dei bygg vidare på modellen ved å kople den opp mot tre plausible scenario for framtidig klima. Dei projiserer fordeling av årlege tal tap for kvar kommune for scenario tilsvarande låg, middels og høg endring i klima for Norge i 2072 – 2100, som rapportert i Hanssen-Bauer et al. (2009). Resultatet indikerer ein dramatisk auke i den forventa framtidige vêrrelaterte forsikringsrisikoen i mange delar av Norge for alle framtidige scenario. For det mest moderate scenarioet kan kommunar med høge innbyggjartal forvente over 10% auke i gjennomsnittleg tal på skader. For scenario 2, middels høg endring i klima, aukar gjennomsnittleg tal på skader med 50% for mange kommunar, medan det i scenario 3 er dobbelt så høg risiko i fleire kommunar i forhold til scenario 2. Kystkommunane er særleg utsett (Scheel & Hinnerichsen, 2012).

3. Datagrunnlag

Vår data består av forsikringsdata og meteorologiske og hydrologiske data i tidsperioden 1980 til 2019. Val av tidsperiode er basert på at tilgjengelig forsikringsdata strekk seg over denne perioden. Finans Norge har bidratt med forsikringsdatasettet medan meteorologiske og hydrologiske data er henta ut via to av databasane til Meteorologisk Institutt (MET), i tillegg til at Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) bidrog med eit datasett. Vi vil i det følgjande beskrive datasetta.

3.1 Forsikringsdata

Datagrunnlaget til datasettet frå Finans Norge er frå Norsk Naturskadepool. I følgje naturskadeforsikringslova vert alle bygningar som forsikrast mot brannskade automatisk forsikra mot naturskade. Dette vert administrert av Norsk Naturskadepool, der alle skadeforsikringsselskap er medlem. Gjennom ordninga er forsikringstakaren sikra erstatning ved naturskade som følgje av blant anna skred, storm, flaum og stormflo (Finans Norge, 2020).

Datasettet inneheld skadedato, skadehending, skadetype, bransje, fylke, kommune og erstatningsbeløp frå 01.01.1980 til 31.03.2020. Det er 338.985 observasjonar mellom 01.01.1980 og 31.12.2019 for heile landet. Tabell 1 syner bransjar som det originale datasettet hadde data over. Vi har utelate følgjande bransje-ID for vår analyse: 19, 22, 23, 25, 28, 29, 91, 98, 99, og sit då igjen med 213.439 observasjonar på landsbasis. Desse blei utelete for å berre ha bransjar som er direkte knytt til bustader i analysen.

BRANSJE-ID	BRANSJE
11	Heimforsikring
12	Hytte/fritidsbustad
13	Villaforsikring
19	Privat – annet
21	Huseigarforsikring
22	Industriforsikring
23	Kommuneforsikring
24	Landbruksforsikring – bustaddel
25	Landbruksforsikring – driftsdel
28	Næringslivsforsikring
29	Næring – annet
90	Bustad
91	Landbruk
98	Annet
99	Ukjent

Tabell 1: Bransjar inkludert i det originale datasettet tilsendt frå Finans Norge.

SKADETYPE	SKADETYPE NAMN
1	Storm
2	Stormflo
3	Flaum
4	Skred
5	Jordskjelv
6	Vulkanutbrot
9	Ukjent

Tabell 2: skadetypar inkludert i datasettet tilsendt frå Finans Norge

Tabell 2 syner oversikt over skadetypane datasettet inneheld. Finans Norge bidrog også med ein indeks over «kva ville ein tilsvarende skadehending koste i no-kroner». Denne indeksen brukar SSB sin byggekostnads-indeks for bustader og Konsumprisindeks for å justere for prisstigning og SSB sin oversikt over tal bustadbygg inklusive fritidsbustader for å justere for auken i total bygningsmasse. Indeksen visast i tabell 3.

Vi har då multiplisert erstatningsbeløpa med tilhøyrande prosent i indeksen, for eksempel er alle erstatningsbeløp i 1980 multiplisert med 586,7%. Derfor har vi ein nominell og ein indeksjustert erstatningsverdi.

År	Trend	År	Trend
1980	586,7%	2000	178,1%
1981	508,6%	2001	168,3%
1982	450,2%	2002	164,3%
1983	409,1%	2003	158,8%
1984	379,7%	2004	156,6%
1985	354,2%	2005	152,6%
1986	326,0%	2006	147,7%
1987	295,8%	2007	145,4%
1988	273,5%	2008	138,7%
1989	258,2%	2009	134,5%
1990	244,7%	2010	130,1%
1991	234,8%	2011	127,4%
1992	227,7%	2012	125,5%
1993	221,0%	2013	122,0%
1994	216,4%	2014	118,6%
1995	209,6%	2015	115,3%
1996	205,5%	2016	110,5%
1997	198,9%	2017	107,6%
1998	192,4%	2018	103,9%
1999	185,9%	2019	101,0%

Tabell 3: Indeks over «kva ville ein tilsvarende hending koste i no-kroner?» frå 1980 til 2019

3.2 meteorologiske og hydrologiske data

Den meteorologiske og hydrologiske data er henta frå Meteorologisk Institutt (MET) på månadlege og daglege verdiar. For månadlege data bidrog i tillegg Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) med datasett. Den månadlege data er fordelt på alle fylke, medan den daglege er for Vestland fylke. MET sitt datagrunnlag består av rådata for måleinstrument, visuelle observasjonar og kvalitetssikra data frå måleinstrument. Data må vere produsert av MET direkte, eller vere basert på operasjonelle organisasjonar dei tek del i, for å bli rekna som offisielle data (Meteorologisk Institutt, 2017). Månadleg data er henta via eKlima (<https://sharki.oslo.dnmi.no>) og døgnerverdiar er henta via Frost API (<https://frost.met.no/index.html>). Begge er portalar til MET sin klimadatabase.

eKlima inneheld data frå alle vêrstasjonar som MET har eller har hatt i drift, samt annan data MET distribuerer. Frå eKlima har vi henta ut månadlege rapportar per fylke for vêrvariablane i perioden 1980 til 2019 (Meteorologisk Institutt, 2020a). Dei månadlege data er basert på daglege observasjonar. I løpet av tidsperioden 1980 til 2019 har det vore målestasjonar som har blitt flytta, modernisert eller stengt ned. Derfor har nokre stasjonar berre data for delar av

perioden. Vi har henta ut data frå alle målestasjonane som har vore aktive i delar eller heile den aktuelle perioden. Vidare tok vi gjennomsnittet av alle tilgjengelege verdiar, slik at eit fylke har ein verdi per månad. Nokre år – særleg dei tidlegare åra – hadde færre observasjonar enn nyare år.

Det er skilnad på tal målestasjonar per fylke. Større fylke har fleire målestasjonar sidan dei dekker eit større geografisk område. Derfor er gjennomsnittsverdien for desse basert på meir data enn ved mindre fylke.

På grunn av lite data dei tidlegaste åra inkluderte vi data i rapportane som var stempla som «svært usikre». Det vil ikkje seie at alle data i rapporten er feilaktige, men at den kan innehalde verdiar som er det. Generelt går dataet til MET gjennom ulike kvalitetskontrollar. Dei blir stempla med eit nivå for kor sikker dataverdien kan antakast å vere på bakgrunn av kor mange kontrollar verdien har vore gjennom. Dei fleste av månadsverdiene er berekna på observasjonar, og har som standard at verdien er «litt usikker». Dette er fordi ein ikkje kjenner datagrunnlaget dei er generert frå godt nok (Meteorologisk Institutt, 2020a). Variablane vi har henta ut frå eKlima er nedbør, middeltemperatur, temperaturavvik frå normalen, middelvind og høgaste vindkast.

NVE er underlagt Olje- og energidepartementet, og har ansvar for å forvalte vass- og energiressursane i landet (Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), 2015b). Dei har ein nasjonal database for innsamling av meteorologiske-, hydrologiske- og miljø data. Dei målar blant anna vasstand, snø, is og brear (Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), 2015a). Datasetta NVE bidrog med inneheldt fylkesvise data for lufttemperatur, maksimum av snøens vannekvivalent og regn og snøsmelting. Tabell 4 syner oversikt over vêrvariablane på månadsverdi. Dei månadlege variablane vert nytta til historisk utvikling og deskriptiv analyse i kapittel 4.

<i>Vêrvariabel - kode</i>	<i>Vêrvariabel</i>	<i>Måleining</i>	<i>Forklaring</i>
<i>Gjn_nedbør</i>	Nedbør	mm	Månadssum for nedbør (nedbørsdøgn 07 – 07)
<i>Gjn_middeltemp</i>	Middeltemperatur	°C	Aritmetisk middel av døgnverdi. Døgnverdi er aritmetisk middel av 24 timeverdiar (00 – 00)
<i>Gjn_tempavvik_norm</i>	Temperaturavvik frå normalen	°C	Avvik frå gjeldande temperaturnormal (1961 – 1990)
<i>Gjn_middelvind</i>	Middelvind	m/s	Aritmetisk middel av døgnverdi. Døgnverdi er aritmetisk middel av vindfart (ti-minutts middel) for kl 0, 6, 12 og 18
<i>Gjn_høg_vinkast</i>	Høgaste vindkast	m/s	Høgaste verdi av døgn. Døgnverdi er høgaste verdi av sterkaste vindkast i sekstimersperiodane før kl 0, 6, 12 og 18
<i>Swexmth</i>	Maksimum av snøens vannekvivalent	mm	Maksimum av snøens vannekvivalent denne månaden
<i>Qtmth</i>	Regn og snøsmelting	mm	Sum regn og snøsmelting

Tabell 4: Oversikt over månedlege vêrvariablar (Meteorologisk Institutt, 2020a)

I dei kvantitative analysane brukar vi daglege meteorologiske og hydrologiske vêrdata for Vestland fylke. Dette fordi vi såg det som ønskeleg å inkludere daglege data for å få ein grundigare analyse. Forsikringsdatasettet frå Finans Norge vert framleis brukt, men vi har filtrert ut alle andre fylke enn Vestland. Dei nye vêrvariablane er henta ut via Frost API, som gjev tilgang til MET sitt arkiv med historiske vêr- og klimadata. Denne data inkluderer kvalitetskontrollerte daglege målingar av temperatur, nedbør og vind (Meteorologisk Institutt, 2018). API er eit hjelpeverktøy ved programmering, eit grensesnitt mot ein eller fleire tenester i ein databasetenar (Rossen, 2019). Vi har brukt Python til å hente ut data frå Frost API. Python er eit programmeringsspråk berekna på utvikling av verktøy og applikasjonar for blant anna dataanalyse (Dvergdsdal, 2019). Ved bruk av Spyder, eit vitskapeleg miljø skrive i Python, har vi henta ut data for Vestland fylke. Sjå vedlegg 1 for kommandokoden som vart nytta.

<i>Vêrvariabel-kode</i>	<i>Variabel</i>	<i>Vêr-variabel</i>	<i>Måleining</i>	<i>Forklaring</i>
<i>sum(precipitation_amount PID)</i>	R _i	Nedbør	mm	Døgnsom for nedbør (kl. 06-06 UTC)
<i>surface_snow_thickness</i>	S _i	Snødjup n	mm	Målast i mm frå bakken til toppen av snølaget.
<i>max(wind_speed_of_gust PID)</i>	W _i	Vind	m/s	Kraftigaste vindkast per døgn
<i>min(air_temperature PID)</i>	C _{min,i}	Tempera tur	°C	Lågaste registrerte temperatur per døgn
<i>mean(air_temperature PID)</i>	C _{mean,i}	Tempera tur	°C	Døgnmiddel for temperatur. Aritmetisk gjennomsnitt av 24 timeverdiar (kl. 00-00 UTC)
<i>max(air_temperature PID)</i>	C _{max,i}	Tempera tur	°C	Høgaste registrerte temperatur per døgn
<i>Threeday_precipitation</i>	R _{3i}	Nedbør	mm	Summen av nedbør siste tre døgn. $t + (t-1) + (t-2)$
<i>mm_change_snow</i>	S _Δ	Snø	mm	Endring i snødjupn frå (t-1) til t
<i>extreme_dummy</i>	D _{ext}	Dummyv ariabel	0 eller 1	Verdi 1 dersom verdiane til dei andre variablane overstig 95%-persentil.

Tabell 5: oversikt over variablar på døgnverdi (Meteorologisk Institutt, 2020c)

Tabell 5 syner oversikt over vêrvariablane som vart henta ut. Variablane under den markerte streken er kalkulert frå dei ordinære variablane. Vi delte Vestland inn i 10 distrikt: Nordhordaland, Sunnhordaland, Midthordaland, Bergen, Hardanger, Voss, Ytre Sogn, Indre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Deretter fann vi ein målestasjon per distrikt og variabel. Vedlegg 2 syner oversikt over stasjonar som vart brukte. Stasjonar som hadde vore aktive i heile eller største del av tidsperioden 1980 til 2019 blei prioriterte for alle variablar. For


variabelen Snødjupn (S_i) blei stasjonen som låg høgast over havet, og som hadde vore aktiv i heile/størsteparten av perioden, valt. Variabelen for kraftigaste vindkast (W_i) hadde få observasjonar før 2000-talet og dei tidlegaste observasjonane i Vestland fylke er frå 1982. Data for denne variabelen strekk seg derfor frå 1982 til 2019.

4. Historisk utvikling og deskriptiv analyse

Dette kapittelet tek for seg den historiske utviklinga til tal forsikringskader, nominelle og indeksjusterte erstatningsbeløp og dei meteorologiske og hydrologiske variablane.


4.1 Historisk utvikling i tal skader

Figur 1 og 2 syner historisk utvikling frå 1980 til 2019 av tal skader for dei to fylka med flest tal skader totalt i perioden, Vestland og Møre og Romsdal, og fylket med minst tal skader, Oslo. Vedlegg 3 inneheld figurar med historisk utvikling for alle fylke, og vedlegg 4 inneheld datagrunnlaget for figurane og tabell 6. Dei årlege skadetala (blå stolpe) er summen av daglege skadedata over eit år frå forsikringsdatasettet. Standardavviket (oransje linje) er også berekna på daglege data. Det er lagt inn lineær trendlinje for begge variablar.



Figur 1: Historisk utvikling i tal skader frå 1980 til 2019 for Vestland og Møre og Romsdal.

Dette er dei to fylka med flest tal skader totalt sett. Stolpediagramma representerer sum skader medan linjediagramma representerer standardavvik. Alle observasjonar har tilhøyrande trendlinje med same farge.



Figur 2: Historisk utvikling i tal skader frå 1980 til 2019 for Oslo

Dette er fylket med minst tal skader totalt. Stolpediagramma representerer sum skader medan linjediagramma representerer standardavvik. Alle observasjonar har tilhøyrande trendlinje med same farge.

Tabell 6 syner det totale tal skader og standardavviket for dei 11 fylka. Vestland skil seg ut som fylket med mest tal skader totalt i perioden. Det har vore 51.840 registrerte skader, som er 71,84% høgare enn Møre og Romsdal, som er fylket med nest høgaste tal skader. Minst registrerte tal skader er 3.839 i Oslo. Det er stor variasjon i fordelinga av skadetel for fylka. Møre og Romsdal og Trøndelag har stort sett lite tal skader mesteparten av perioden, med høge tal enkelte år. Av dei 30.168 skadane i Møre og Romsdal skjedde rundt 75% av desse i høvesvis 1992 og 2011.

Fylke	Tal skader	Standardavvik
Vestland	51.840	84,57945216
Viken	22.235	25,81948887
Møre og Romsdal	30.168	87,76069307
Agder	12.170	15,04579565
Innlandet	12.126	12,78415318
Nordland	26.623	22,20677285
Oslo	3.839	6,270164237
Rogaland	19.369	27,22448569
Vestfold og Telemark	9.751	11,99628308
Trøndelag	11.116	31,54522357
Troms og Finnmark	16.256	14,59702751

Tabell 6: fylkesvis oversikt over totale stal skader og standardavviket i perioden 1980 til 2019

Hjå mange av fylka ser ein at mot slutten av perioden førekjem år med høge skadetel hyppigare. Dette er særleg tydeleg for Vestland, Agder, Innlandet og Rogaland. Nordland og Viken har tendensar til hyppigare skadeår mot slutten av perioden, men er også dei fylka, saman med Troms og Finnmark, med jamnast fordeling av skader gjennom perioden. Sistnemnte har, med unntak av året 1993, hatt tilnærma lik utvikling. Dette blir støtta opp av trendlinja for tal skader som har marginal vekst, men er tilnærma flat. For resterande 10 fylke er trendlinja i varierende grad aukande. Den mest dramatiske endringa skjer i Rogaland og Vestland, der trenlinja går frå null til høvesvis om lag 1.000 og 2.500 skader. Trendlinjene syner ein tendens til aukande skadetel med åra, men er ikkje gode mål på å predikere neste års skader. Alle fylke har år med tal skader som er langt over og under den lineære trendlinja. Høge skadetel eit år seier ingenting om neste års skadetel åleine – det avheng i stor grad av andre faktorar. Den historiske utviklinga tyder likevel på at det vert registrert fleire skader med tida. Noko av grunnen til dette kan skuldast at det med tida også vert auka bygningsmasse i Norge. Frå 2010 til 2020 har tal bustader i Norge auka med 12,31% , som tilsvarar ei årleg auke på rundt 1,17% (Statistisk sentralbyrå, 2019). Føreset ein same vekst gjennom heile perioden påverkar dette truleg skadetala til dels, men trendlinjene har ei brattare vekstkurve enn auken i norske bustader. For erstatningsutbetalingar har vi ein indeks som tek høgde for sosioøkonomiske og demografiske faktorar, som vi kjem tilbake til under kapittel 4.2.

Standardavviket ¹ er eit mål på kor mykje ein variabel kan ventast å svinge – høgt standardavvik tyder større svingingar. Det er derfor eit populært mål for risiko. Dei kalkulererte standardavvika i figur 1 og 2 er annualisert basert på daglege data. I tillegg har vi eit totalt standardavvik som syner kor store svingingane i tal skader har vore historisk i tabell 6. Oslo har det minste historiske standardavviket på 6,27, medan Møre og Romsdal har det største på 87,76. Vestland har det nest største på 84,58. Dette var også dei fylka som hadde minst og mest tal skader totalt. I Oslo kan det altså forventast at tal skader svingar betydeleg mindre enn for Møre og Romsdal, Vestland og resterande fylke. Med unntak av nemnte fylke ligg det historiske standardavviket mellom 12 og 31,55. Dersom ein ser på dei annualiserte standardavvika har det vore store endringar frå år til år. Dette skuldast den store variasjonen i skadetal frå år til år for mange fylke. Utviklinga til trendlinjene for standardavviket er varierende. Troms og Finnmark, Trøndelag og Oslo sine trendlinjer er minkande, som kan tyde på at svingingane i tal skader over tid har gått ned. Trendlinjene for Møre og Romsdal og Vestfold og Telemark er tilnærma flate, som kan tilseie at svingingane over tid held same nivå. For dei resterande fylka (Vestland, Viken, Agder, Innlandet, Nordland og Rogaland) er trendlinjene aukande og tyder på at det har vore ei auke i spreinga over tid. Også her ser vi at trendlinjene ikkje er gode på å predikere neste års standardavvik. Standardavvika ligg ofte langt over eller langt under trendlinja.

4.2 Historisk utvikling i erstatningsbeløp


Den historiske utviklinga i nominelle og indeksjusterte erstatningsbeløp vert presentert i figur 3 og 4, der figur 3 syner dei to fylka med høgaste indeksjusterte erstatningsutbetalingar, Vestland og Innlandet, og figur 4 syner fylket med minst indeksjusterte erstatningsutbetalingar, Oslo. Dei nominelle og indeksjusterte tala er sett opp mot kvarandre for å lettare syne forskjellen indeksen utgjør. Endring i forsikringsutbetalingar kan ikkje forklarast av endringar i klima åleine – som tidlegare nemnt i 2.2 heng den aukande trenden av historiske katastrofar også til dels saman med sosioøkonomiske faktorar som befolkningsvekst, auke i velstand og urbanisering. Dei indeksjusterte erstatningsbeløpa tek høgde for dette ved at dei inkluderer endring i konsumprisindeks, byggekostnader og auke i total bygningsmasse.

¹ Standardavviket er eit mål for spreinga av verdien i eit datasett og gjev verdien sin gjennomsnittlege avstand

frå gjennomsnittet. Den er definert som $\sqrt{\sigma^2}$,

der $\sigma^2 = \frac{1}{n} \sum_{t=1}^n (R_t - \bar{R}_t)^2$ (Løvås, 2018)

Som for figur 1 og 2 er også her årlege erstatningsbeløp og standardavvik berekna på daglege data frå forsikringsdatasettet. Det er lagt inn lineær trendlinje for alle observasjonar. Vedlegg 5 inneheld figurar med historisk utvikling for alle fylke, og vedlegg 6 inneheld datagrunnlaget for figur 3 og 4 og tabell 7, som syner dei totale nominelle og indeksjusterte erstatningsutbetalingane og standardavvika per fylke mellom 1980 til 2019.




Figur 3: Historisk utvikling i nominelle og indeksjusterte erstatningsutbetalingar frå 1980 til 2019 for dei to fylka med høgaste sum indeksjusterte utbetalingar; Vestland og Innlandet.

Stolpediagramma representerer sum utbetalingar medan linjediagramma representerer standardavvik. Alle observasjonar har tilhøyrande trendlinje med same farge

Ser ein på dei nominelle erstatningsutbetalingane åleine er det ein tydeleg auke i utbetalte beløp mot slutten av perioden for alle fylke. Vestland har høgast utbetalingssum om lag 1,36 milliardar kroner. Møre og Romsdal og Innlandet har også erstatningsbeløp på over 1 milliard, medan Viken og Nordland ligg i underkant av dette på høvesvis 931 og 948 millionar kroner.

Som på tal skader har også Oslo lågast erstatningsutbetalingar, med om lag 103 millionar kroner. Dei indeksjusterte tala er naturlegvis høgare enn dei nominelle. Når ein tek høgde for dei sosioøkonomiske faktorane er framleis Vestland fylket med størst utbetalingar, men det er no 6 fylke med utbetalingar over 1 milliard. Fylke som har høge skadetel og erstatningsutbetalingar tidleg i perioden har størst effekt av indeksjusteringa. Oslo er fylket med høgast prosentvis auke frå nominelle til indeksjusterte erstatningsutbetalingar, med ei auke på rundt 76%. Dette fylket hadde høge skade- og erstatningstal i 1997. Effekten av indeksjusteringa kan ein også sjå på forholdet mellom Vestland og Møre og Romsdal, som hadde ein differanse på nesten 280 millionar i utbetalingar før indeksjusteringa. Etter justeringa er differansen rundt 170 millionar. Sjølv for indeksjusterte erstatningsbeløp ser ein framleis ein auke i utbetalingar, anten i form av høgare beløp og/eller kortare intervall mellom år med store erstatningsbeløp, mot slutten perioden. Dette er særleg tydeleg for Vestland, Viken, Agder, Rogaland og Vestfold og Telemark. Trendlinja for erstatningsutbetalingar er stort sett aukande for alle fylke, både for nominelle og indeksjusterte tal. Unntaket er Oslo, der indeksjustert trendlinje er tilnærma flat. Trendlinjene til dei indeksjusterte beløpa er generelt meir dempa enn for nominelle. Trendlinjene tyder på at det for alle fylke, med unntak av Oslo, har vore ei historisk auke i erstatningsutbetalingar. Som vi såg under kapittel 4.1 kan også trenlinjene her ikkje predikere neste års utbetalingar på ein tilfredsstillande måte.



Figur 4: Historisk utvikling i nominelle og indeksjusterte erstatningsutbetalinger fra 1980 til 2019 for Oslo fylke

Dette er fylket med lågaste sum utbetalinger. Stolpediagramma representerer sum utbetalinger medan linjediagramma representerer standardavvik. Alle observasjonar har tilhøyrande trendlinje med same farge

Fylke	Nominelle erstatningsbeløp	Nominelle standardavvik	Indeksjusterte erstatningsbeløp	Indeksjusterte standardavvik
<i>Vestland</i>	1.364.057.041	2.515.833,02	1.873.323.595	3.161.934,452
<i>Viken</i>	931.449.239	1.809.833,66	1.416.168.795	2.557.368,389
<i>Møre og Romsdal</i>	1.085.739.389	3.035.217,06	1.704.167.790	5.142.742,508
<i>Agder</i>	558.197.839	1.111.570,74	729.824.947,9	1.330.789,416
<i>Innlandet</i>	1.071.453.135	2.240.979,5	1.566.656.516	3.297.469,472
<i>Nordland</i>	947.914.493	1.118.512,08	1.461.357.352	1.551.131,337
<i>Oslo</i>	102.578.556	157.326,44	180.912.613,3	393.324,5967
<i>Rogaland</i>	532.320.945	803.326,982	755.708.335,8	1.042.398,587
<i>Vestfold og Telemark</i>	352.314.719	417.810,77	525.743.666,3	799.110,7683
<i>Trøndelag</i>	656.359.098	886.540,811	1.024.035.483	1.563.440,251
<i>Troms og Finnmark</i>	536.053.105	491.658,765	886.232.718,4	890.591,3487

Tabell 7: fylkesvis oversikt over totale erstatningsbeløp og standardavvik i perioden 1980 til 2019.

Det er stor variasjon i det historiske standardavviket for fylka. Før indeksjusteringa har Vestland det høgaste standardavviket på rundt 2,5 millionar, men etter indeksjusteringa har Møre og Romsdal og Innlandet høgare standardavvik på høvesvis rundt 5,15 og 3,3 millionar. Etter indeksjustering har Vestland eit historisk standardavvik på rundt 3,16 millionar. Oslo har igjen det lågaste historiske standardavviket, både før og etter indeksjusteringa. Det historiske standardavviket tyder på at det i fylka Oslo, Vestfold og Telemark og Troms og Finnmark forventast minst svingingar i erstatningsutbetalingar. Vestfold og Telemark og Troms og Finnmark har rett nok historisk standardavvik på høvesvis rundt 800.000 og 890.000 – langt over Oslo som har 390.000. Som ved tal skader kan det igjen forventast at det skjer større svingingar i Vestland og Møre og Romsdal. Innlandet, som også hadde eit høgt historisk standardavvik for erstatningsutbetalingar, hadde langt mindre tal skader og tilhøyrande historisk standardavvik enn Vestland og Møre og Romsdal. Sjølv om Innlandet har nesten 40.000, eller 327,51%, mindre registrerte tal skader enn Vestland har det i følgje dei indeksjusterte erstatningsbeløpa berre blitt utbetalt i overkant av 300 millionar, eller 19,57%, mindre. Dette tyder på at skadane som har vore i Innlandet har krevje høgare erstatningskrav enn skadane i Vestland. Som for erstatningsutbetalingane vert også trendlinjene for standardavviket dempa av indeksjusteringa. Før indeksjusteringa har alle fylke ein aukande trendlinje for standardavviket. Etter indeksjusteringa er det fleire fylke med tilnærma flat

trendlinje for standardavvik. Disse fylke er Møre og Romsdal, Vestfold og Telemark, Trøndelag og Troms og Finnmark. Dette kan tyde på svingingane over tid held same nivå. Som einaste fylke har Oslo ei minkande trendlinje, som tilseier at svingingane i erstatningsutbetalingar med tida har gått ned. Resterande fylke har aukande trendlinje, som blir tolka som ei aukande svinging i utbetalingane over tid. I løpet av perioden varierer standardavviket til alle fylke i stor grad. Vi ser at trendlinjene ikkje er gode på å predikere neste års standardavvik.



4.3 Historisk utvikling av meteorologisk og hydrologisk data

Figur 5 og 6 syner den historiske utviklinga for middeltemperatur, middelvind, temperaturavvik frå normalen, høgaste vindkast, nedbør, nedbør og snøsmelting og snøens vannekvivalent, samt utviklinga i tilhøyrande standardavvik. Vedlegg 7 syner datagrunnlaget til figurane. Dei årlege verdiane til variablane (stolpediagram) er gjennomsnittet av månadlege vêrobservasjonar frå det meteorologiske og hydrologiske datasettet. Standardavvika (linjediagram) er også berekna på månadlege data frå dette datasettet. I tillegg er det lagt inn trendlinjer både for årlege verdiar og standardavvik. I grafane er variablar med same måleeining samla i same graf for å kunne samanlikne utviklinga.

Temperaturvariablane har same måleeining, men ein variabel målar gjennomsnittleg temperatur og den andre målar temperaturavviket frå normalen. Denne normalen er basert på observasjonar frå 1961 til 1990. Begge desse variablane har aukande trendlinje, som vil sei at både middeltemperaturen og temperaturavviket frå normalen har auka historisk sett. Ut i frå trendlinjene har middeltemperatur og temperaturavvik frå normalen auka med høvesvis rundt 1°C og $1,5^{\circ}\text{C}$ i perioden 1980 til 2019. Standardavvika, representert ved linjediagrammet, syner nokså lik utvikling for både middeltemperatur og temperaturavvik frå normalen. Standardavviket til middeltemperatur (oransje linje) har større svingingar enn standardavviket til temperaturavvik frå normalen (gul linje), men dei følgjer stort sett same utvikling ved at når eit av standardavvika aukar så aukar også det andre. I motsetning til gjennomsnittsverdiane syner trendlinjene til standardavvika ein nedgang historisk sett. Det vil sei at til tross for at middeltemperatur og temperaturavvik aukar, så går svingingane i temperaturvariablane ned historisk sett. Sjølv om trendlinjene til temperaturvariablane syner ein tendens til aukande temperaturar og temperaturavvik og minkande standardavvik, er dei ikkje særleg gode på å predikere neste års temperatur/standardavvik. Verdiane ligg ofte over eller under, men



samanlikna med forsikringstala er desse trendlinjene betre på å predikere utviklinga – sannsynlegvis fordi temperaturar er meir stabile verdiar.

Vindvariablane blir begge målt i m/s, men ein variabel er middelvei og ein er ein maksimumsverdi i form av høgaste vindkast. Denne har naturlegvis ein del høgare verdiar ein middelvinden. Dersom ein ser på trendlinjene til middelvind og høgaste vindkast er begge aukande, men høgaste vindkast har auka meir enn middelvind, som rettnok har ei nokså marginal auke. Høgaste vindkast har i følgje trendlinjene auka med rundt 1,5 m/s i løpet av perioden. Denne historiske auken i vind kan indikere at det med tida både bles meir og kraftigare. Standardavviket til høgaste vindkast syner tilnærma lik utvikling som den gjennomsnittlege verdien. Trendlinja syner ei auke, som vil sei at svingingane i høgaste vindkast også har auka i perioden. Standardavviket til middelvind syner ein marginal nedgang i perioden. Det vil sei at sjølv om den gjennomsnittlege middelvinden aukar, så varierer målingane mindre historisk sett. Gjennomsnittsmålingane til middelvind og høgaste vindkast ligg alltid rundt trendlinja, særleg hjå middelvind. Dette syner at for desse variablane er trendlinja eit godt mål på å predikere neste års verdiar for vindvariablane.



Figur 5: Historisk utvikling for middeltemperatur, temperaturavvik frå normalen, middelvind og høgaste vindkast i perioden 1980 til 2019.

Stolpediagramma representerer gjennomsnittsverdi medan linjediagramma representerer standardavvik. Alle observasjonar har tilhøyrande trendlinje med same farge.



Figur 6: Historisk utvikling for nedbør, nedbør og snøsmelting og snøens vannekvivalent i perioden 1980 til 2019.

Stolpediagramma representerer gjennomsnittsverdi medan linjediagramma representerer standardavvik. Alle observasjonar har tilhøyrande trendlinje med same farge.

Figur 6 syner historisk utvikling for to nedbørsvariablar og snøens vannekvivalent, som alle er målt i mm. Nedbørsvariablane er nedbør og nedbør og snøsmelting. Variabelen nedbør og snøsmelting har naturlegvis høgare observasjonar sidan denne i tillegg til nedbør inkluderer snøsmelting. Samanliknar ein observasjonane til desse to variablane ser ein at snøsmelting utgjør ein nokså liten del av den totale nedbørsmengda. Trendlinjene til nedbørsvariablane syner ei marginal auke hjå både nedbør åleine og nedbør og snøsmelting. Sidan verdiane er årlege gjennomsnitt basert på månadlege observasjonar vil dette sei at det i gjennomsnitt kjem litt meir nedbør per måned no enn det gjorde tidlegare. Standardavvika til nedbørsvariablane syner naturlegvis også ei nokså lik utvikling i og med at dei originale observasjonane er nokså like. Dette blir igjen bekrefta av trendlinjene til standardavvika, som har tilnærma lik utvikling. I løpet av perioden har svingingane til nedbør og nedbør og snøsmelting blitt mindre, og igjen ser vi eit tilfelle der gjennomsnittsverdien aukar medan standardavviket minkar. Dette indikerer at det historisk sett kjem meir nedbør, og at det kan forventast mindre svingingar i denne nedbøren. Trendlinjene er nokså gode på å predikere neste års nedbør – det vil sei dei observerte verdiane ligg stort sett litt over eller litt under trendlinja. Det er ingen tilfelle der observert verdi strekk seg langt over eller under trendlinja.

Den siste vêrvariabelen, snøens vannekvivalent, syner kor mykje vatn (i mm) snøen vil utgjere når den smeltar. Av figuren ser ein at denne observasjonen har minka med tida, som også reflekterast i trendlinja. Dette betyr at det historisk sett blir mindre snø – og derfor mindre snøsmelting – totalt sett. Standardavviket til snøens vannekvivalent syner nokså lik utvikling som gjennomsnittsverdien og trendlinja er også her minkande, men i ein litt mindre grad enn ved gjennomsnittsverdien til snøens vannekvivalent. Den historiske utviklinga peikar mot at det snør mindre i løpet av perioden og at svingingane til observasjonane vert mindre. Av trendlinja til snøens vannekvivalent ser ein at målte observasjonar stort sett ligg på eller over trendlinja dei siste 10 åra. Den predikerer neste års vannekvivalent noko godt, men det kan sjå ut til at den underestimerer neste års verdi litt.

Generelt er trendlinjene for vêrvariablane ein god del betre på å predikere neste års verdiar enn det vi såg hjå trendlinjene til forsikringstala. Dei fleste av standardavvika for forsikringstala synte ein aukande trend, medan det for dei fleste vêrvariablar er ein minkande trend. Dette kan tyde på at til tross for at vêrvariablane utviklar seg i ei bestemt retning så svingar dei mindre i eit årleg perspektiv.

5. Kvantitative analyser

Dette kapittelet tek for seg kvantitative analyser om samanhengen mellom tal forsikringskader og meteorologiske og hydrologiske vêrvariablar. Analysen er avgrensa til å studere denne samanhengen for Vestland fylke, då dette var fylket med størst tal skader og erstatningsutbetalingar.

5.1 Definerings av ekstremvêr

I dei kvantitative analysane vert ekstremvêr brukt som ein av dei uavhengige variablane for å sjå korleis tal skader avheng av om det er ekstremvêr eller ikkje.

Ekstremvêr vert definert som vêr som medfører fare for liv og verdiar. Omgrepet vert også nytta om det enkelte uvêr (Sivle, 2019). Meteorologisk institutt har eit varslingsystem som skal bidra til at samfunnet får moglegheit til å sikre liv og verdiar, og avgrense skadeomfang ved skadelege vêrforhold. Farevarslingane er produsert og gradert etter ein internasjonal standard. Det vert nytta tre typar farevarsling: gul, oransje og raud. Gul er ein utfordrande situasjon, oransje er ein alvorleg situasjon og raud er ein ekstrem situasjon. Ved raudt farevarsel forventast store konsekvensar av vêret. Her er det fare for at liv går tapt og store øydeleggingar på eigedom og infrastruktur (Meteorologisk Institutt, 2019). Eit ekstremvêrvarsel er ei vêrhending på raudt nivå som har fått namn. Vêrfenomen som kan føre til namngitt ekstremvêrvarsel er sterk vind, mykje regn, snø, vasstand eller ein kombinasjon av desse (Meteorologisk Institutt, 2020b). Det kan verte sendt ut raudt farevarsel for mindre område utan at situasjonen får ekstremvêrnamn (Meteorologisk Institutt, 2019). Kriteria for å sende ut ekstremvêrvarsel er satt utifrå skadane dei forventast vindstyrkane, nedbørmengdene og/eller mengd av stormflo erfaringsvis førar til (Ferizi, 2019).

Det er med andre ord ingen bestemte talverdiar eller maksimumsverdiar som definerer kva som er ekstremvêr. I perioden vi har vêrdata over har det vore ein rekke namngjevne og ikkje-namngjevne vêrhendingar som har vorte stempla som ekstremvêr – blant anna Nyttårsstormen i 1992, Berit og Dagmar i 2011 og Ylva i 2017. Sidan det ikkje er noko fast mal over kva verdi som kan tolkast som ekstremvêr, har vi valt å sjå på verdiar på eller over 95%-persentil som ekstremvêr i vårt datasett. Dette inneber at 95% av verdiane for den enkelte vêrvariabel er mindre enn ekstremverdien. Vedlegg 8 syner ei oversikt over 95%-persentilane. For å enklast definere ekstremvêr vart det generert ein dummy-variabel med verdi 1 for ekstremvêr og 0 for ikkje-ekstremvêr. Verdi 1 blir oppnådd dersom ein av vêrvariablane har verdi over den enkelte

95%-persentil. Det vil sei at dersom ein eller fleire av variablane har verdi på eller over dette, blir det tolka som ekstremvêr. Ein svakheit kan vere at det vert definert ekstremvêr som i verkelegheita ikkje vart oppfatta som ekstremt ved at det til dømes berre var ein av vêrvariablane som var over angitt grenseverdi.

5.2 Val av variablar

Avhengig variabel

Tal skader: Y

Den avhengige variabelen nytta i desse modellane er døgnglege skadedata frå Vestland fylke. Målet er å kartlegge påverknaden vêr har på tal forsikringsskader på bustader i Vestland. Daglege observasjonar har blitt valt for å få ei presis oversikt og for at analysen skal vere mest mogleg representativ. Ein breiare tidshorisont, til dømes månadlege observasjonar, ville forsømt viktige forskjellar i tal skader ved at ein ikkje veit om skadane den gjeldande månad har skjedd over mange dagar eller på same dag. Sidan datagrunnlaget er døgnglege, og det ofte er dagar utan skader, inneheld datasettet mange observasjonar med verdi 0.

Y_i = [tal skader på dag i]

Dei uavhengige variablane

Temperatur per døgn: C_{max} , C_{min} , C_{mean}

Tre av dei uavhengige variablane, maksimumstemperatur, minimumstemperatur og middeltemperatur, er temperaturverdiar per døgn. Desse variablane kan syne i kva grad temperaturar generelt påverkar skader. Maksimums og minimums-målingane kan moglegvis framheve absoluttverdiar og korleis dei åleine påverkar den avhengige variabelen.

$C_{max, i}$ = [maksimumstemperatur på dag i]

$C_{min, i}$ = [minimumstemperatur på dag i]

$C_{mean, i}$ = [middeltemperatur på dag i]

Tolking: Generelt tolkast ein positiv β -verdi som at gjeldande temperaturvariabel aukar tal skader på bustader og motsett for ein negativ verdi.

Høgaste registrerte vindkast per døgn: W_i

Denne variabelen er høgaste registrerte vindkast målt frå observasjonar per time per døgn. Det høgaste vindkastet registrert gjeldande døgn blir dermed den observerte verdien. Variabelen kan syne i kva grad sterke vindkast påverkar tal skader og ekstremverdiar vil komme meir til syne.

$W_i =$ [Maksimum vindkast på dag i]

Tolking: Positiv β -verdi vil sei at høgaste vindkast aukar tal skader på bustader og motsett for negativ verdi.

Nedbør: R_i og R_{3i}

Andre moglege forklaringsvariablar på tal skader er summen av nedbør. Vi har to nedbørsvariablar

$R_i =$ [sum av nedbør på dag i]

$R_{3i} =$ [sum av nedbør 3 siste døgn: $i + (i - 1) + (i - 2)$]

Tolking: Generelt vil positiv β -verdi sei at ei kortsiktig auke i nedbørsmengd aukar tal skader, og motsett for negative verdiar.

Snødjupn per døgn: S_i

Denne variabelen er basert på snødjupn målt i mm over bakken per døgn. Tanken er at ei minke i snødjupn skal representere snøsmelting, som vi trur påverkar tal skader.

$S_i =$ [mm med snø på dag i]

Tolking: Ein positiv β -verdi vil tolkast som at ein auke i snømengd vil auke tal skader, og motsett for negativ verdi.

Endring i snødjupn: S_{Δ}

Endring i snømengd er basert på differansen mellom snødjupn i dag t og førre dag, t-1. Dette kan få fram om det har vore markante endringar, som til dømes mykje snøsmelting, mellom to dagar.

$$S_{\Delta} = S_{\Delta_i} - S_{\Delta_{i-1}}$$

Tolking: Positiv β -verdi tolkast som at ei auke i endring i snødjupn vil auke tal skader, og motsett for negativ verdi.

Dummy-variabel – ekstremvær: D_{ext}

Dette er ein dummy-variabel, definert ved:

$$D_{ext} = \begin{cases} 0 = \text{ikkje ekstremvær} \\ 1 = \text{ekstremvær} \end{cases}$$

Tolking: Ein positiv β -verdi vil seie at tal skader aukar viss det er ekstremvær den dagen og motsett for ein negativ verdi.

5.3 Samanheng mellom vêrvariablar og tal skader ved bruk av OLS

Multipel regresjon analyserer endringar i den avhengige variablane Y sett i lys av ulike uavhengige forklaringsvariablar. For å estimere regresjonskoeffisientane brukast minste kvadraters metode (OLS) (Løvås, 2018).

Den opphavlege modellen er konstruert som følgjer:

$$y_i = \beta_0 + C_{max,i}\beta_1 + C_{min,i}\beta_2 + C_{mean,i}\beta_3 + W_i\beta_4 + R_i\beta_5 + R_{3i}\beta_6 + S_i\beta_7 + S_{\Delta}\beta_8 + D_{ext}\beta_7 + \varepsilon_i$$
$$i = 1, 2, \dots, n$$

Det å lage ein modell frå eit sett av variablar frå eit datasett involverer å sjekke for multikollinearitet og fjerne ubetydelege variablar. For å kunne trekke konklusjonar frå ein regresjonsmodell må den også verifiserast først. Dette kan gjerast med ulike testar som fokuserer på forskjellige delar av modellen. Vi vil i det følgjande presentere val av variablar og framgangsmåte for å finne den mest passande modellen.

Multikollinearitet beskriv ein situasjon der to eller fleire av variablane er korrelerte. Dette inneberer at vi kunne klart oss med ein av forklaringsvariablane og hatt ein betre modell. Dersom multikollinearitet førekjem får ein mindre kunnskap om kva forklaringsvariablar som er viktige (Løvås, 2018). Vi har testa variablane for multikollinearitet ved bruk av VIF-indeksar på STATA, der vi satt eit tak på 5. Dersom variablane har ein VIF-indeks mellom 0 og 5 blir dei sett på som uavhengige av kvarandre. VIF-indeksen synte at temperatur-variablane hadde verdi på over 5 og dermed korrelerte med kvarandre. I regresjonsmodellen fjerna vi dermed minimum- og maksimumstemperatur då vi meiner desse aleine ikkje påverkar tal skader meir enn gjennomsnittstemperaturen. Vedlegg 9 syner regresjonsmodellane og aktuelle etter-testar for OLS-regresjonen.

Det blei først brukt ein multippel lineær regresjon med resterande variablar. Deretter blei det gjort ein Breuch-Pagan-test for heteroskedastisitet, som var signifikant. Sidan vi hadde signifikant heteroskedastisitet, som bryt med eine føresetnaden for minste kvadraters metode, brukte vi regresjon med robuste standardavvik. Denne modellen gav to signifikante variablar på 5%-nivå: høgaste vindkast og dummy-variabelen for ekstremvêr. Modellen forklarte derimot berre 1,55% av variansen til tal skader, og er derfor ingen tilfredsstillande modell. Ein skeivheit og kurtose-test på STATA synte at variablane ikkje er normalfordelte. Derfor ln-transformerte vi variablar som ikkje har verdi <0 . Det vil sei at tal skader, høgaste vindkast, snødjupn, døgnsom for nedbør og nedbør siste tre døgn vart ln-transformert, som vist i vedlegg 9.

Tabell 8 syner den robuste regresjonsmodellen for dei ln-transformerte variablane. Alle variablar er signifikante på 5%-nivå , med ein forklaringsgrad på 15,34%.

VARIABLE	ROBUST					
ln(Y)	Coefficient	Std. Err.	t	P> t	[95% Conf. Interval]	
ln(W_i)	.3934867	.0192314	20.46	0.000	.35579	.4311835
ln(S_i)	.0297581	.0023519	12.65	0.000	.025148	.0343683
ln(R_{3i})	.0275299	.0053839	5.11	0.000	.0169765	.0380833
ln(R_i)	.0103999	.0044962	2.31	0.021	.0015866	.0192131
D_{ext}	.3305675	.0162956	20.29	0.000	.2986254	.3625097
CONSTANT	-.8698927	.045065	-19.30	0.000	-.9582277	-.7815577

Tabell 8: resultatet frå robust regresjonsmodell for dei ln-transformerte variablane.

Den estimerte regresjonsmodellen er gitt ved:

$$\hat{Y} = -0,8699 + 0,3935\ln(W_t) + 0,0298\ln(S_t) + 0,0275\ln(R_{3t}) + 0,0104\ln(R_t) + 0,3306\ln(D_{ext})$$

I følgje modellen har alle variablar ein positiv effekt på relativ endring i tal skader. Av variablane er den høgaste vindkast (W_i) og dummy-variabelen for ekstremvêr (D_{ext}) som har størst effekt. Modellen tilseier at dersom høgaste vindkast (W_i) aukar med 1% vil tal skader auke med 0,39%, dersom dei andre variablane haldast konstante. Dummy-variabelen tilseier at tal skader er 33% høgare når det er ekstremvêr enn når det ikkje er det. Resterande variablar har signifikant, men liten, effekt på endring i tal skader. Døgnsom for nedbør (R_i) har minst effekt; dersom nedbøren aukar med 1% vil tal skader auke med 0,01%. Som tidlegare nemnt forklarar denne modellen 15,34% av variansen til tal skader.

Sidan skadedata er basert på erstatningskrav som følgje av skred, storm, flaum og liknande, kunne vi forventat at forklaringsgraden til modellen skulle vore noko høgare. Dette kan skuldast at den avhengige variabelen, tal skader, er telle-data som berre har verdi 0, 1, 2, ..., n. Det vil sei at verdien yt er basert på kor mange skadehendigar det har vore på dag t. Å bruke telle-data som avhengig variabel i ein OLS-regresjon kan vere problematisk. Når gjennomsnittet av utfallsvariabelen er relativt høgt, vanlegvis definert som over 10, kan minste kvadraters metode brukast på telle-data med låg vanskelegheitsgrad (Coxe, West & Aiken, 2009).

VARIABLE	OBS.	MEAN	STD. DEV.	MIN	MAX
TAL SKADER	14,609	3.548498	84.57945	0	7134

Tabell 9: Samandrag over tal skader

Samandraget syner tal observasjonar, middelværdi, standardavvik, minimumsverdi og maksimumsverdi

Tabell 9 er eit samandrag over observasjonane til tal skader. Her ser vi at gjennomsnittet er rundt 3,55. Det at gjennomsnittsverdien til telle-data er under 10, i tillegg til at vi har eit stort datasett med observasjonar som har verdiar mellom 0 og 7134, tilseier at OLS ikkje er ein optimal måte modellere denne type data på. Ein meir passende måte å modellere telle-data på er ved Poisson-fordeling. Dette er passende når vi har hendigar som det er lite sannsyn for at opptrer i ein periode, men som det er mange målingar tilgjengeleg over, slik som med skadehendigar (Christensen, 1997).

5.4 Samanheng mellom vêrvariablar og tal skader ved bruk av Poisson-regresjon

5.4.1 Introduksjon av modell

Før vi går nærmare inn på Poisson regresjon skal vi kort presentere Generell Lineær Modell (GLM), som førstnemnte er ein del av. GLM blei presentert av Nelder og Wedderburn (1972), og er statistiske modellar som er karakterisert ved 3 komponentar:

- 1) Den tilfeldige delen: ein tilfeldig variabel Y som er fordelt innanfor den eksponentielle familiefordeling² med ein middelfordi μ_i og eit konstant spreingsparameter (θ)
- 2) Den systematiske delen: tilhøyrande forklaringsvariablar $\mathbf{x}_i = (x_{0i}, x_{1i}, \dots, x_{pi})^T$ og $i = 1, \dots, n$, gjev ein lineær predikator av form

$$\eta_i = \beta \mathbf{x}_i^T$$

kor β er ein vektor av $p+1$ ukjente parameter, $x_{0i} = 1$ for alle i for å inkludere konstant- eller avskjæringsledd i modellen.

- 3) Koplingsfunksjonen: ein funksjon g som bind saman 1) og 2) ved

$$g(\mu_i) = \eta_i = \beta \mathbf{x}_i^T$$

Val av koplingsfunksjon avheng av den gjeldande fordelinga.

Poisson regresjon er vanlegvis brukt for telle-data, då den gjer det mogleg å modellere ikkje-negative diskrete variablar (Dobson & Barnett, 2018). Ein poisson-fordeling vert anvendt for å beskrive hendingar som inntreff uavhengig av kvarandre i ein gitt periode med intervall, og blir blant anna presentert av Christopher Chatfield (1983).

² Ein stokastisk variabel Y har ein fordeling i den eksponentielle familien visst synnsynsttelleiksfunksjonen eller sannsynsmassefunksjonen dersom Y er diskret og kan formulerast

$$f(y; \theta, \phi) = c(y, \phi) \exp\left(\frac{y\theta - a(\theta)}{\phi}\right),$$

der θ er ein kanonisk variabel, ϕ er eit spreingsparameter og funksjonane $a(\theta)$ og $c(y, \phi)$ er spesifikke for kvar fordeling. Gaussian, binomisk, poisson, gamma og andre fordelingar kan skrivast på denne måten (De Jong & Heller, 2008).

Sannsynet for at y hendingar inntreff er gitt ved:

$$P(y, \lambda) = \frac{e^{-\lambda} \lambda^y}{y!}, \quad y = 0, 1, 2, \dots$$

Der

λ er eit positivt, reelt tal som indikerar gjennomsnittleg tal hendingar i det gitte tidsintervallet.

$$\lambda = E(Y_t) = \text{var}(Y_t) > 0.$$

Det vil seie at både forventningsverdien $E(Y_t)$ og variansen $\text{var}(Y_t)$ er lik λ .

e er grunntalet i den naturlege logaritmen: 2,71828...

$y!$ er fakultet av y , der y er eit heiltal

Sannsyna er ikkje-negative og kan ha ein verdi opp til 1 (Chatfield, 1983). Ved Poisson regresjon antakast at tilfeldig variabel Y er poisson-fordelt og dens estimerte middelvei λ er lik den predikerte verdien til den avhengige variabelen i eit bestemt tilfelle. Forskjellen på den observerte og den predikerte verdiane til den avhengige variabelen er derfor evaluert i samhøve til sannsynet for at verdien til Y_i er lik y_i under ein Poisson-fordeling. Den estimerte middelvei λ antakast å vere logaritmisk knytt til ein lineær kombinasjon av uavhengige variablar. Likninga for ein Poisson regresjon er gitt ved:

$$\hat{\lambda}_i = \exp(\beta_0 + \sum_{j=1}^k \beta_j x_{ij})$$

Eit anna kjenneteikn ved Poisson regresjon er at Maximum Likelihood Method (ML) vert brukt for å estimere regresjonskoeffisientane (Lovett, Whyte & Whyte, 1985). Likelihood-funksjonen for Poisson regresjon er gitt ved (Long, 1997):

$$\mathcal{L}(\theta, \phi | x) = \prod_i f(y_i, \lambda_i) = \prod_i \frac{e^{-\lambda} \lambda^{y_i}}{y_i!}$$

5.4.2 Tilpassingar

Som tidlegare nemnt var det berre temperaturvariablane i datasettet som, i følgje VIF-indeksen, korrelerte med kvarandre og hadde ein verdi over 5. Som ved førre modell har vi ekskludert minimum- og maksimumstemperatur for å løyse dette problemet, og fordi vi ikkje trur desse åleine påverkar tal skader meir enn gjennomsnittstemperaturen. Det blei satt opp ein korrelasjonsmatrise for dei 7 attverande variablane, som kan sjåast i vedlegg 10. Denne synte at variabelen snødjupn (S_i) og endring i snødjupn (S_Δ) korrelerer med kvarande, og vi valte derfor å ekskludere førstnemnte frå modellen for å tydelegare sjå effekten av endring i snødjupn - til tross for at VIF-indeksen for desse var under 5. Også nedbørsvariablane (R_i) og (R_{3i}) hadde verdi som tilsa korrelasjon, men sidan VIF-indeksen var under 5, og vi trur at både summen av nedbør siste døgn og tre siste døgn kan ha ein samanheng med tal skader, beholdt vi begge variablane i modellen. Det er altså totalt 6 uavhengige variablar igjen: gjennomsnittstemperatur ($C_{mean,i}$), sum nedbør siste døgn (R_i), sum nedbør 3 siste døgn (R_{3i}), kraftigaste vindkast (W_i), endring i snødjupn (S_Δ) og dummy-variabelen for ekstremvêr (D_{ext}).

5.4.3 Empiriske funn

Tabell 10 syner modellen for Poissonregresjonen. Alle variablar er signifikante på 5%-nivå og modellen har ein forklaringsgrad på 48,96%, som også blir vist i vedlegg 10.

VARIABLE	POISSON					
TAL SKADER (Y)	Coefficient	Std. Err.	z	P> z	[95% Conf. Interval]	
R_i	-.0116127	.0004604	-25.22	0.000	-.0125151	-.0107104
W_i	.1706139	.0004475	381.26	0.000	.1697369	.171491
S_Δ	.0032945	.00008	41.20	0.000	.0031377	.0034512
C_{mean, i}	-.0466766	.0013042	-35.79	0.000	-.0492328	-.0441204
R_{3i}	.0230409	.0001959	117.64	0.000	.022657	.0234248
D_{ext}	1.147073	.0141774	80.91	0.000	1.119286	1.17486
CONSTANT	-2.339131	.0145354	-160.93	0.000	-2.36762	-2.310642

Tabell 10: resultatet frå Poisson-regresjonen

Den estimerte Poisson regresjonsmodellen gjev følgjande uttrykk for gjennomsnittleg tal skader i perioden

$$\hat{\lambda} = \exp(-2,3391 - 0,0116(R_i) + 0,1706(W_i) + 0,0033(S_{\Delta}) - 0,0467(C_{mean,i}) + 0,0230(R_{3i}) + 1,1470(D_{ext}))$$

I følgje modellen har kraftigaste vindkast (W_i), endring i snødjupn (S_{Δ}), sum nedbør siste 3 døgn (R_{3i}) og dummy-variabelen for ekstremvêr (D_{ext}) alle ein positiv effekt på gjennomsnittleg tal skader i perioden. Sum nedbør siste døgn (R_i) og gjennomsnittstemperatur ($C_{mean,i}$) har i følgje modellen ein negativ effekt. Dummy-variabelen har klart størst effekt, med ein beta-koeffisient på 1,147. Dette tilseier at gjennomsnittleg tal skader er 114,7% høgare når det er ekstremvêr enn når det ikkje er det. Kraftigaste vindkast (W_i) har også klart større effekt enn resterande variablar. Dersom kraftigaste vindkast endrast med ein eining (m/s) vil gjennomsnittleg tal skader auke med 17,06%. Av modellen ser vi også at dersom sum nedbør 3 siste døgn (R_{3i}) aukar med ein eining (mm) vil gjennomsnittleg tal skader auke med 2,3%. Dersom gjennomsnittstemperatur ($C_{mean,i}$) eller sum nedbør siste døgn (R_i) aukar med ein eining vil det i følgje modellen føre til at gjennomsnittleg tal skader går ned.

Modellen peikar mot at dummy-variabelen for ekstremvêr har mykje å sei for gjennomsnittleg tal skader. Ein påverknad på 114,7% er klart større enn ved førre modell, der påverknaden var rundt 33%. Ein så stor endring kan tyde på at dummy-variabelen kan vere overestimert i denne modellen. At gjennomsnittleg tal skader aukar når det er ekstremvêr er likevel i tråd med det vi trudde på førehand. At gjennomsnittleg tal skader går ned når nedbør siste døgn (R_i) og gjennomsnittstemperatur ($C_{mean,i}$) aukar er overraskande, då vi på førehand trudde desse kom til å ha motsett effekt. Grunnen til den negative påverknaden på den avhengige variabelen kan vere at dei blir forstyrra av andre variablar i datasettet. Særleg sum nedbør siste døgn kan ha blitt negativt påverka av den andre nedbørsvariabelen, sum nedbør siste 3 døgn (R_{3i}). Resultata frå modellen kan også ha ein samanheng med val av modell. Sjølv om Poisson-modellen ofte blir brukt for telle-data, taklar den det dårleg dersom datasettet inneheld mange nullar ettersom den føreset at variansen og forventningsverdien til den avhengige variabelen er like. I mange tilfelle er variansen høgare enn forventningsverdien i verkelegheita, eit fenomen kalla *overdispersjon* (Jansakul & Hinde, 2002).

	OBSERVASJONAR	PROSENT
TAL SKADER = 0	10.331	70,72%
TAL SKADER > 0	4.278	29,28%

Tabell 11: fordeling av tal skader

Tabell 11 syner at over 70% av verdiane er lik 0 for tal skader. Vi utførte ein «Goodness of fit»-test ved hjelp av Pearsons og Deviance kjikvadrattest med *estat geof*-funksjonen på STATA. Denne visast i tabell 12.

Deviance goodness-of-fit	=	222704.9
Prob > chi2(13863)	=	0.0000
Pearson goodness-of-fit	=	1477327
Prob > chi2(13863)	=	0.0000

Tabell 12: goodness of fit-test for Poisson-regresjonen.

Deviance Goodness-of-fit og Pearson Goodness-of-fit syner begge at vi kan forkaste nullhypotesa om at data i modellen er Poisson-fordelte, og føresetnaden om ingen overdispersjon held ikkje. Dette vil sei at modellen ikkje er passande. Ein betre måte å modellere data der den avhengige variabelen er telle-data med mange observasjonar med verdi lik 0 er ved bruk av ein «zero-inflated»-modell (Lambert, 1992).

5.5 Samanheng mellom vêrvariablar og tal skader ved bruk av Zero-inflated Poisson-regresjon

5.5.1 Introduksjon av modell

Ein Zero-inflated Poisson regresjon (ZIP) er ein enkel blandingsmodell for telle-data som inneheld mange nullar. Modellen er ein kombinasjon av ein Poisson-fordeling og ein degenerert fordeling på null. Dersom Y_i er tilfeldige variablar med ZIP-fordeling antek vi at nullane oppstår på måtar som korresponderer med ein underliggande tilstand (Lambert, 1992). Den første tilstanden oppstår med eit sannsyn ω_i og genererer berre nullar. Den andre tilstander oppstår med eit sannsyn $1 - \omega_i$ og førar til ein standard Poisson-telling med middelvei λ_i og dermed moglegheit for fleire nullar. Nullar frå første tilstand blir sett på som strukturelle nullar, medan dei frå Poisson-fordelinga er samplingnullar (Jansakul & Hinde, 2002). Dette gjev

$$\Pr(Y_i = 0) = \omega_i + (1 - \omega_i)e^{-\lambda_i}$$

$$\Pr(Y_i = y_i) = (1 - \omega_i) \frac{e^{-\lambda_i} \lambda_i^{y_i}}{y_i!}, \quad y_i = 1, 2, \dots, 0 \leq \omega_i \leq 1$$

Som kan uttrykkast ved $Y_i \sim ZIP(\lambda_i, \omega_i)$. Middelveien og variansen til Y_i er gitt ved

$$E(Y_i) = (1 - \omega_i)\lambda_i = \mu_i$$

og

$$\text{Var}(Y_i) = \mu_i + \left(\frac{\omega_i}{1 - \omega_i}\right)\mu_i^2$$

Som indikerer at den marginale fordelinga av Y_i viser overdispersjon dersom $\omega_i > 0$. For positive verdier av ω_i har vi Zero-inflation, men det også mogleg for ω_i å vere negativ og framleis ha gyldig sannsynsfordeling (Jansakul & Hinde, 2002).

For ein tilfeldig utval observasjonar y_1, y_2, \dots, y_n er likelihood-funksjonen gitt ved

$$\ell = \ell(\lambda, \omega; \mathbf{y}) = \sum_i \{I_{(y_i=0)} \ln[\omega_i + (1 - \omega_i)e^{-\lambda_i}] + I_{(y_i>0)} [\ln(1 - \omega_i) - \lambda_i + y_i \ln \lambda_i - \ln(y_i!)]\}$$

kor I er indikator-funksjonen av hendinga. Altså er den lik 1 dersom det førekjem ei hending og 0 visst ikkje. For å anvende ZIP-modellen i praksis foreslo Lambert (1992) følgjande samansette modell for λ og ω

$$\ln(\lambda) = X\boldsymbol{\beta} \quad \text{og} \quad \ln\left(\frac{\omega}{1 - \omega}\right) = G\boldsymbol{\gamma}$$

kor X og G er kovariat-matriser og $\boldsymbol{\beta}, \boldsymbol{\gamma}$ er høvesvis $(p+1)*1$ og $(q+1)*1$ vektorar av ukjente parameter.

5.5.2 Tilpassingar

Sidan variablane ved førre modell responderte med ein VIF < 5 vart det ikkje gjort ein redusering i variablar for ZIP-modellen. Det vil sei at modellen inkluderer den avhengige variabelen, tal skader, og dei uavhengige variablane: gjennomsnittstemperatur ($C_{mean,i}$), sum nedbør siste døgn (R_i), sum nedbør 3 siste døgn (R_{3i}), kraftigaste vindkast (W_i), endring i snødjupn (S_{Δ}) og dummy-variabelen for ekstremvêr (D_{ext}). Modellen kombinerer Poisson-fordeling og degenerert fordeling på null, og estimerer ut i frå dette.

5.5.3 Empiriske funn

Tabell 13 oppsummerar ZIP-modellen, der alle variablane er signifikante og modellen har ein forklaringsgrad på 46,7%. Vedlegg 11 syner regresjonsmodellen og etter-estimering for ZIP-modellen.

VARIABLE	ZIP					
TAL SKADER (Y)	Coefficient	Std. Err.	z	P> z	[95% Conf. Interval]	
R_i	-.0053978	.0004379	-12.33	0.000	-.006256	-.0045396
W_i	.2236887	.0007419	301.51	0.000	.2222346	.2251428
S_Δ	.0011788	.0000815	14.46	0.000	.001019	.0013385
C_{mean,i}	.011193	.001452	7.71	0.000	.008347	.0140389
R_{3i}	.0143375	.000209	68.59	0.000	.0139278	.0147472
D_{ext}	.3748614	.0154967	24.19	0.000	.3444884	.4052343
CONSTANT	-2.302282	.0192339	-119.70	0.000	-2.33998	-2.264585

Tabell 13: resultat frå Zero-Inflated Poisson-regresjon

Den estimerte ZIP-modellen for gjennomsnittleg tal skader er gitt ved

$$\hat{\lambda} = \exp(-2,3023 - 0,0054(R_i) + 0,2237(W_i) + 0,0012(S_{\Delta}) + 0,0112(C_{mean,i}) + 0,0143(R_{3i}) + 0,3748(D_{ext}))$$

Ved denne modellen har alle variablar ein positiv effekt på gjennomsnittleg tal skader, med unntak av sum nedbør siste døgn (R_i). Ved denne modellen har gjennomsnittstemperatur ($C_{mean,i}$) positivt forteikn, som er forskjellig frå førre modell. Som ved Poisson-modellen har også her har høgaste vindkast (W_i) og Dummy-variabelen (D_{ext}) størst effekt på gjennomsnittleg tal skader, men effekten av Dummy-variabelen har redusert seg til 37,48%, som samsvarar meir med det vi såg i OLS-modellen. I ZIP-modellen har høgaste vindkast (W_i) noko større effekt enn ved Poisson-modellen - dersom kraftigaste vindkast endrast med ein eining (m/s) vil gjennomsnittleg tal skader auke med 22,37%. Resterande variablar har liten, men signifikant, påverknad på gjennomsnittleg tal skader.

Det er tydeleg at det å bruke ein Zero-Inflated modell framfor ein vanleg modell har påverka koeffisientane. ZIP-modellen syner i stor grad same tendensar som Poisson-modellen, men effekten er justert for å ta omsyn til den store delen nullar i datasettet. Særleg er effekten av

dummy-variabelen redusert, medan det for dei andre variablane er mindre endringar i koeffisienten. Sum nedbør siste døgn (R_i) hadde også i denne modellen negativ effekt på gjennomsnittleg tal skader, som framleis motstridar med det vi trudde på førehand. Dette kan vere ein konsekvens av det å inkludere sum nedbør siste 3 døgn (R_{3i}), som har hatt større effekt i både Poisson- og ZIP-modellen.

5.6 Modellvurdering

Ein av dei mest brukte metodane når det kjem til modellvurdering er Akaike Information Criterion (AIC). Denne er nyttig når ein skal samanlikne to modellar når det kjem til «goodness of fit» - altså kor godt modellen passar til observasjonane.

AIC vert definert ved

$$AIC = 2k - 2LL$$

Kor k er tal variablar og LL er Log-Likelihooden til modellen (Hilbe, 2009).

Når ein nyttar AIC som avgjerande kriterium for val av to modellar må differansen i AIC-verdiane vere signifikant for å framheve forskjellen i modellane. Hilbe (2009) satt opp følgande tabell som ein generell rettleiing i å avgjere om forskjellen mellom modellane er signifikante for å velje den føretrekte modellen:

Differanse	Val av modell dersom $AIC_A < AIC_B$
$0 < \tau \leq 2,5$	Ingen forskjell i modellane
$2,5 < \tau \leq 6,0$	Vel modell A dersom $n > 256$
$6,0 < \tau \leq 9,0$	Vel modell A dersom $n > 64$
$10,0 < \tau$	Vel modell A

Tabell 14: kriterium for val av modell ved bruk av AIC

frå «Logistic regression models» av J. M. Hilbe, 2009, CRC Press, s. 260

Her er $\tau = [AIC_A - AIC_B]$.

For å vurdere modellane med omsyn til AIC utførte vi ein etter-estimering for Poisson-modellen og ZIP-modellen ved bruk av fitstat-funksjonen til STATA. Sjå vedlegg 10 og 11. Dei gav følgjande resultat:

	Poisson-modellen	ZIP-modellen
<i>AIC</i>	$AIC_A = 16,899$	$AIC_B = 13,550$

Tabell 15: Resultat frå fitstat på STATA

Som gjev $\tau = 3,349$, der $AIC_A > AIC_B$

Ut i frå dette kan vi konkludere med at ZIP-modellen er den føretrekte modellen for observasjonane og signifikant betre enn Poisson-modellen, som blei vurdert som ikkje-passande i 4.5.1.

6. Diskusjon

I følgjande kapittel vil vi diskutere resultatane frå den historiske utviklinga og regresjonsmodellen opp mot problemstillinga.

6.1 Historisk utvikling og regresjonsmodellane

Frå den historiske utviklinga til vêrvariablane middeltemperatur, temperaturavvik frå normalen, nedbør, nedbør og snøsmelting, maksimum av snøens vannekvivalent, middelvind og høgaste vinkast kunne ein sjå ein aukande trend hjå alle variablar, med unntak av snøens vannekvivalent, i løpet av ein 39-års periode frå 1980 til 2019. I tillegg til å vere den einaste vêrvariabelen med minkande trend, har også maksimum av snøens vannekvivalent ein av dei tydelegaste historiske endringane. Snøens vannekvivalent representerer kor mykje snøen vil utgjere i mm dersom den smeltar. At desse observasjonane minkar med tida er i tråd med den aukande trenda i middeltemperatur. På førehand trudde vi at snøsmelting ville ha større effekt på tal skader i regresjonsmodellane, då mykje snøsmelting på kort tid kan forårsake både flaum og skred. Det kan tenkast at minkande snømengd i løpet av perioden har påverka denne variabelen. Ein annan grunn til at denne variabelen kan ha hatt mindre effekt enn først antatt kan vere val av variabel i regresjonsmodellane. Det var ikkje mogleg å hente ut maksimum av snøens vannekvivalent frå Frost API då det er NVE, og ikkje MET, som er dataeigar for denne vêrvariabelen. Vi hadde ikkje moglegheit å hente ut denne variabelen på ein tilfredsstillande måte via NVE sine databasar. Derfor blei det i staden brukt snødjupn i mm, som MET hadde dataoversikt over. Variabelen S_{Δ} , som syner endringa i snødjupn frå dag til dag, skulle representere snøsmelting. Problemet med denne variabelen er at den ikkje seier noko om kor mykje snøen ville utgjort om den smeltar, berre kor høgt snøen ligg over bakken. Snøen kan ha svært ulik samansetning frå dag til dag, og viktige observasjonar om snøsmelting kan ha blitt utelukka som ein følgje av dette.

Vindvariablane, middelvind og høgaste vindkast, hadde begge ein aukande trend i løpet av perioden. Middelvind hadde ei marginal auke, medan høgaste vinkast hadde tydelegare auke. Sidan alle verdiane i den historiske utviklinga for dei meteorologiske og hydrologiske variablane er gjennomsnittsverdiar, syner dette at det gjennomsnittleg bles kraftigare i dag enn det gjorde for 39 år sidan. Aukande trend i middelvind og kraftigaste vindkast kan indikere at det er kraftigare og/eller hyppigare uvêr i form av storm. Dette kan også vere tilfellet for den aukande nedbøren som synte høgare årleg gjennomsnittsnedbør med tid, eller at det generelt er fleire nedbørsdagar no enn før. Dette kan særleg påverke område som er særleg utsett for denne

